



Midtre Holsnøy Grunneigarlag
v/Bjarte Skintveit
Steinberget
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/248 - 19/9198

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

26.04.2019

Løyve til dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i Rylandsvatnet i samband med fiskekultivering i 2019

Administrativt vedtak. Saknr: 101/2019

Saksutgreiing:

Midtre Holsnøy grunneigarlag v/Bjarte Skintveit søkjar i brev dagsett 26.02.2019 om dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel i Rylandsvassdraget i samband med tynningsfiske. Midtre Holsnøy grunneigarlag består av 50 medlemmer som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal dei forvalte verdiane som ligg i og rundt Rylandsvassdraget, som til dømes fiskebestanden i vatna. I Storavatnet gjennomfører Arnt Brakstad på vegne av grunneigarlaget tynningsfiske med garn og ruse for å betre bestanden av røye og aure. Tidligere har det vore gjennomført tynningsfiske i Rylandsvatnet, i perioden 2000-2005 var det ved aktivt garnfiske tatt ut om lag 140 kg kvart år. Dei starta opp att med tynningsfiske i Rylandsvatnet i 2015 og det er i samband med dette dei no søker om løyve til bruk av motorbåt i Rylandsvatnet.

Det er Bjørn Inge Tornes og Helge Moe som i hovudsak har gjennomført utfiskinga på vegne av grunneigarlaget. Det vert søkt om å få nytta båt med påhengsmotor under gjennomføringa ut 2019. Midtre Holsnøy grunneigarlag fekk i perioden 2015-2018 løyve frå Meland kommune til å nytta motorbåt i samband med tynningsfiske.

Vurdering:

Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdrage§1 sett eit generelt forbod mot bruk av motorfartøy, i tillegg legg § 3 ned forbod mot bruk av elektrisk motor i Rylandsvatnet. Forskrifta opnar vidare for generelle unntak frå forbodet i §§ 2 og 3, men det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under unntaka. Kommunen kan gje løyve til bruk av motorfartøy etter søknad med heimel § 5 i den lokale forskrifta. Løyve etter § 5 i den lokale forskrifta skal gjevast i medhalda v § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. I

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

motorferdselslova § 6 står det at når særlege grunnar føreligg, kan kommunen gjeve løyve til bruk av motorfartøy som elles ikkje kan finne sted etter denne lov eller med heimel i lova.

Kva som fell inn under særlege grunnar blir ytterligare presisert i rundskriv T-1/96 *Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82*. Det blir i rundskrivet sagt at transport av utstyr og utbytte ved jakt, fangst og fiske som hovudregel ikkje oppfyller kriteriene i forskriftens § 6 og kan difor ikkje tillatast. Det er administrasjonen si vurdering av at det i dette tilfellet ikkje er snakk om vanleg fiske, men snakk om eit forvaltningstiltak som såleis fell inn under særlege grunnar. Grunneigarlaget ynskjer å gjennomføre eit tynningsfiske for å forvalte fiskebestanden på ein forsvarlig måte, og dette er ikkje rekreasjonsfiske. Vidare legg administrasjonen vekt på at dette arbeidet har blitt gjort over tid og er eit langsiktig arbeid. Det blir også påpeika i rundskrivet at det i praksis vil vere ein del døme som kan karakteriserast som naudsynt nyttekjøring men som ikkje fell inn under forskriftas §§ 2 og 3. Det er også viktig å understreka at køyringa har eit avgrensa omfang då det kunn skal nyttast til tynningsfiske. Dette vil etter administrasjonen sin vurdering medføre lite støy og vil difor vere mindre forstyrrende.

Søknaden er vurdert i høve til Naturmangfaldslovas (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter gjennomgang av registrerte naturverdiar i artskart og naturbase og den informasjonen kommunen har om naturmangfald i området, er det registrert 3 artar som reknast som sårbare (ål, sivhøne og vannrikse) og ein nær truga art (gulspurv) jf. § 8. Administrasjonen meiner at eit løyve til bruk av motorfartøy ikkje vil føre til negative konsekvensar for miljøverdiane i området da bruken er avgrensa. Vidare er artane registrert i området med ulik menneskelig aktivitet og vil trekke unna dersom dei opplever støy. Førre-var-prinsippet gjer seg ikkje gjeldane i saka, då det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om tiltaket jf. § 9. Eit løyve til bruk av motorfartøy i ein tidsavgrensa periode vil heller ikkje føre til ein økt samla belastning for området (jf. § 10). Prinsippa i §§ 11 og 12 gjer seg ikkje gjeldane i denne saka.

Etter ein samla vurdering meiner administrasjonen at løyve til motorferdsel ikkje er i strid med prinsippa i NML §§8-12.

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen gå inn for å gi dispensasjon frå forbodet om motorisert ferdsel i Rylandsvatnet for forvaltning av fiskebestanden, då grunnlaget for søknaden er i tråd med lovverket.

Vedtak

«Meland kommune gjev Midtre Holsnøy grunneigarlag v/ Bjarte Skintveit løyve til å bruke båt med elektrisk motor ved gjennomføring av tynningsfiske i Rylandsvatnet. Løyvet gjeld frå 26.04.19 til og med 31.12.19. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten må ikkje overstige 5 knop (1 knop tilsvarar 1,825 km/t), jf. §4 i forskrifta for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.

Vedtaket har heimel i forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 5, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Midtre Holsnøy Grunneigarlag

v/Bjarte Skintveit 5918

FREKHAUG